



Arkoconsult AS, Postboks 103, 5291 Valestrandsfossen, 56390003, www.arkoconsult.no

TURLØYPE MANGER, ETAPPE 2 REFERAT ANBODSSYNFARING 05.04.18 KL 13.00

| | | | |
|------------|-------------------------------------|---------------------------------|--|
| Møte: | ANBODSSYNFARING | | |
| Dato: | 05.04.18 | | |
| Sted: | OPPMØTE GRØNÅLEN STADION | | |
| Tid: | 13.00-14.30 | | |
| Deltakere: | | | |
| | Michelle Hauge | Arkoconsult AS | |
| | Ingrid Didriksen | Radøy kommune (Byggherre) | |
| | Arne Manger | Nortrans Veg og Anlegg | |
| | William Raugstad | Nordhordland grunn- og betong | |
| | | Rune Ulvatn | |
| | Aslaug Nøttveit | Nabo til turløype v/ Prestegard | |

| Nr. | Sak | Ansvar | Frist |
|------|--|--------|-------|
| | <i>Evt. merknader til referatet må meldast inn seinast 2 dagar etter utsendelse av referat.</i> | | |
| 5.01 | Det kom spørsmål vedrørende oppfylling i bøkeskog ifm. natursteinsmur. Her er tenkt at det vert lagt ned fiberduk direkte på eksisterande underlag, og at entreprenør fyller seg opp i aktuell høgd med tilførte massar. | | INFO |
| 5.02 | Ved prestegarden kjem løypa tett innpå spesielt Gbnr. 45/288. Eigar (Aslaug Nøttveit) var med på deler av befaringa. Me har vorte einige om at kommunen snarast går opp løypa for å sjå på alternative traséval ved prestegarden. Etter at endeleg trase er vald er målet å få stukket ut senterlinje på løypa før anbodsfrist går ut slik at entreprenørane skal få moglegheit til å gå den endelige traseen før dei må levere inn anbod. | | INFO |
| 5.03 | Eksisterande vegar som er ein del av løypa (ved Grønåløen, prestagarden osv) skal opparbeidast med duk og same toppdekke som øvrige delar av løypa. Breidd av desse vegane må tilpassast då det ikkje alle stader vil la seg gjere at dei vert utvida til 2,5 meter. Spesielt i prestegarden er eksisterande veg berre ønskja opprusta utan ei auke i breidd. | | INFO |
| 5.04 | Ved barnehage ligg det eksisterande tverrgående stikkrenner | | INFO |

| | | | |
|------|--|--|------|
| | som truleg leiar overflatevatn frå barnehage til terreng ved topp bøkeskog/topp skjæring mot Grønålen. Her må medtakast naudsynt arbeid for å sørge for at overflatevatn frå barnehage vert leda til terreng på ei god måte også etter at løypa er opparbeidd. Entreprenør beskriv i tilbod kva som er tenkt gjort her. | | |
| 5.05 | For leikeområde på nedside av barnehage (område som grenser mot løypa) kan entreprenør forutsette at dette arealet vert avstengd i perioden det foregår arbeider her. Kommunen må få på plass ei slik avtale med barnehagen. Entreprenør medtar flytting/demontering av gjerder, leikeapparat og eventuelt andre installasjoner knytt til barnehagen som vil komme i vegen for etablering av løypa. | | INFO |
| 5.06 | For natursteinsmur, gjerde og anna som på dette stadiet er uklart i forhold til mengd kan entreprenørane leggje inn ei einingspris i sitt tilbod. Gjerder kan prisast per lm. Natursteinsmur er beskrive med ei snitthøgd på ca 1 meter, og ca 1,5 meter på det høgste. Entreprenør legg til grunn 1m høgd på mur og priser denne per lm. Nærare beskriving på utsjånad av mur og kva dimensjon som er ønskjerleg på steinane som vert nytta er beskrive i funksjonsbeskriving. | | INFO |
| 5.07 | I etappe 2, del 3 langs grønålen stadion mot aust ligg det ein knast som må piggast/sprengjast vekk. Denne ligg ikkje inne i kartunderlaget, og har således ikkje kome med i funksjonsbeskrivinga. Entreprenør medtar fjerning av denne slik at trase kan gå som planlagt i dette området. | | INFO |

| Navn | Firma | Tlf | E-post |
|--------------------------|-------------------------------|----------|--|
| Michelle Hauge (MH) | Arkoconsult AS | 41237095 | michelle@arkoconsult.no |
| Ingrid Didriksen | Radøy Kommune | 56349051 | Ingrid.didriksen@radoy.kommune.no |
| Arne Manger | Nortrans Veg og Anlegg | | arne@nhtrans.no |
| William Raugstad | Nordhordland Grunn- og betong | | William.raugstad@ngb.no |
| Representant Rune Ulvatn | Rune Ulvatn | | runulvat@online.no |